

Voss kommune, Rådmannen sin stab
Postboks 145
5701 VOSS

Dato: 18.11.2014
Vår ref.: 2014/21925-6
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.: 13/510-160 21780/14

Drøftingsmøte om kommuneplanen for Voss 2015-2026

Vi viser til brev datert 03.09.2014 om offentlig høyring av kommuneplan for Voss kommune med høyringsfrist satt til 18.11.2014. På grunn av nye kart varsla Voss kommune ny høyringsfrist til den 12.12.2014.

Hordaland fylkeskommune vurderer kommuneplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. I samband med forslag til arealdel til kommuneplan for Voss er det fleire punkter som vil kunne koma i konflikt med nasjonale kulturminneverdiar. Ut i frå vedlagt konsekvensvurdering er det forslag om ny arealbruk som ikkje er tilstrekkeleg vurdert eller er i direkte konflikt med nasjonale kulturminneverdiar. Det er også forslag om ny arealbruk som er i konflikt med samordna areal og transportplanlegging. Dette kjem vi tilbake til i endelig fråsegn


Vurdering av areala som kjem i konflikt med nasjonale kulturminneverdiar:

Bømoen – vedtaksfreda

Forskriftsfreda bygga. «Formålet med bevaringen på Bømoen er å ta vare på den opprinnelige leirstrukturen og bygningene fra den eldste perioden i leirens historie med noen få unntak.»

Bjørkemoen R2 – problematisk opp i mot Bømoen leir.


- *Føreslått tatt med i KPA*



Hylle og Bjørkemoen R4 a, b og c -

Areal a kulturmark ligg svært nær opp til Ygre stasjon som har fredingsstatus
Areal b ligg i konflikt med fornminne gravhaugar ID 66559 og har stor potensiale for nye funn.
Areal c ligg i konflikt med Id 169911 gamle Raundalsvegen (Saltvegen) og i nærføring til Id 169930 som er hulveg og brufeste til samme veg.

- *Ikkje forslått med i KPA*

**Ygre stasjon- vedtaksfreda**

Fredningsvedtaket omfatter stasjonsbygninga, uthusbygninga og eit avgrensa område rundt bygningane. Området rundt den samla freda bygningsmassen er regulert til omsynsone med formål *vern*.

Slettafjellet – Nyaset L1,


Etablering av hytte og friluftsområder gjev store konsekvensar for kulturminne og kulturlandskap. Konsekvensvurderinga er ikkje tilstrekkeleg på dette området og innstilling om krav til ny veg og infrastruktur i KU er for dårleg til å kunne vurdere kulturverdiane som eit heile i Dyrvedalen.

- *Er foreslått å ta med i KPA*



Kyte (1-3) Område for travbane ligg rett sør for ei samling av gravminne Id 64250. Området nord og vest for gravminna er bustadtomter og etablering i sør kan føra til negative konsekvensar.

- *Er forslått å takast med i KPA*




Rekve (B5) Forslag til bustadtomter ligg då rett sør for Id 60503 – direkte konflikt og utilbørleg skjemmande

- *Føreslått å takast med i KPA – ingen plankrav*



Bjørke B 6 – nytt bustadfelt tenkt etablert rett sør for Id 60489, viser eit potensiale for kulturminnekonfliktar sjølv med reguleringsplan.

- *Føreslått tatt med i KPA*



Raaberget (B11) kjent kulturminne i forslag til bustadområde. I dag er det delvis dyrka mark her, delvis skog. Potensiale for fleire kulturminne og kulturminnet kan bli liggande klemd inne mellom bygg og dyrka mark.


- *Føreslått tatt med i KPA*



Hellesnes B19

Tidlegare motsegnspunkt til forrige plan, no lagt fram med inntil 70 einingar, midt i planarealet ligg då Id 60497


- *Ikkje føreslått tatt med i KPA,*



Lydvo B 55

Lydvaloftet er eit stort loft frå mellomalderen, med eit lafta rom i kvar høgde og innklede svaler på sidene. I andre høgda er ein rikt utforma portal med restar av måla dekor. Loftet stod opphavleg i tunet på garden Lydvo. Ved utskiftinga i 1909 vart det kjøpt av Fortidsminneforeningen og flytta til noverande tomt. Lydvaloftet er automatisk freda.

- *Føreslått tatt med i KPA*

**Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune har vesentlige merknader til planforslaget når det gjeld kulturminne, kulturmiljø og samordna areal og transportplanlegging. Vi vurderer å tilrå motsegn, men vi meiner det er tenleg med eit oppklarande drøftingsmøte i først.

Vi ber no om

1. Drøftingsmøte med kommunen så snart som råd
2. Utsett frist etter nærmare avtale. (sjå rundskriv T-2/2003 frå Miljøverndepartementet punkt 3.4)

Marit Rødseth
plansjef

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sakshandsamar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen - Regionalavdelinga

Jostein Aksdal, Kulturminnevern og museum, Kultur og idrettsavdelinga

